



Årsmelding - Keipen Turlag 2014

Styret har i 2014 vore samansett slik:

Leiar	: Gunnar Skjølberg
Leiar	: Mattis Hamre (frå 18. september)
Nestleiar	: Mattis Hamre
Kasserar	: Rita Svarstad Isene
Sekretær:	: Kirsten Grotle
Styremedlem	: Liv Haukenes
Styremedlem	: Svern Petter Kjerpeset
Styremedlem	: Arne Loftheim
Varamedlem	: Steinar Isene
Varamedlem	: Espen Sortevik

Kirsten Grotle er vald som varamedlem til styret i SFT.

Barnas Turlag Indre:

Leiar	: Inger Lise Langedal
Styremedlem	: Kjell Morten Langedal
Styremedlem	: Gabriel Ossenkamp
Styremedlem	: Deborah Ossenkamp

Barnas Turlag Ytre:

Leiar	: Kari Songedal
Styremedlem	: Monicha Terdal
Styremedlem	: Roger Svarstad

Revisorar:

Kåre Myklebust og Bjørg Didriksen

Valnemnd:

Jarle Frøyen og Mattis Hamre

Medlemmar:

KT har auka medlemsmassen frå 180 ved siste årsmøte til 183 medlemmar, fordelt på 66 hovudmedlem, 4 ungdom, 26 honnør, 47 barn, 12 skoleungdom og 28 husstandsmedlem

Æresmedlem: Oddmund Leirvik

Møte:

Vi har gjennomført årsmøte, 8 styremøte og handsama 51 saker.

Gunnar, Svenn Petter, Arne og Steinar har delteke på 4 møte i samband med revidering av turkart.

Gunnar og Steinar har delteke på 2 møte i samband med utbetring av SørDALstrappa og stien til Ivervann.

Gunnar og Liv var utsendingar på årsmøte til SFT på Skei.

Kirsten var utsending på Landsmøte til DNT i Loen.

Svenn Petter og Kirsten var utsendingar på Fellesmøte i Flåm.

Barnas Turlag har hatt eitt fellesmøte for alle tre avdelingane

Uttaler: SFE Produksjon AS. Søknad om løyve til bygging av Bredvatn kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane - tilleggssfråsegn v. Naturvernutvalet i SFT Alvar Melvær

Dugnad:

Styremøte og anna administrativt arbeid	201,5
Feltarbeid (traséval, stimerking, vedlikehald)	757,5
Turleiing	311,5
Anna	234,0
Sum dugnad	1504,5

Kurs:

3 personar deltok på merkekurs på Skei.

Svenn Petter Kjerpeset har gjennomført turleiarkurs i Stardalen.

Merking av stiar:

Gjegnen: Traseen er gått opp og merkearbeidet er godt i gang og er no merka opp til vernesona. Det er reist opp merkesteinar på andre sida av Gjegnalundsreen og opp til varden på Gjegnen. Det har vore ein del arbeid med stien opp då det ikkje var sti der fra før, så det har vert ein god del kvisting og tilrettelegging oppover.

Raud rute: Stien til Troda og Svartevasshornet/Bremangerskaret er ferdigmerka.

Samarbeid:

Røde Kors/beredskap: Er i dialog om å lage liste over kjentmenn i fjellet.

Svenn Petter har vore kjentmann ved leiteaksjon.

Røde Kors/kurs: Arne har vore instruktør i bruk av kart og kompass.

Fellesturar 2014:

Dato:	Stad:	Tal deltakarar:	
		Born	Voksne
6. april	Moldahytta	40	60
1. mai	Keipen – endra ruta til Plogen grunna vêret		16
11. mai	Berle - Berledalen - Helkinna		5
25. mai	Knekkevasshytta	26	52
29. mai	Marafjellet		9
8. juni	Vetvika	1	27
15. juni	Sagebø - Rognen - Skudalen		16
21. juni	Frå solnedgang til soloppgang - Grotle - Klungreset	Avlyst pga vêret	
29. juni	Kårnykjen	4	23
6. juli	Bortnen - Troda - Blålia		8
13. juli	Langevatnet - Nordre og Søre Vingekvarven - Svelgsegga - Sande	Avlyst – ingen frammøtte	
20. juli	Hornelen - frå Hunskår til Berleneset		18
27. juli	Rugsundøya over	Avlyst	
3. august	Indrehus - Ramsskredfjellet - Klenevassfjellet - Indrehus (turen vart korta ned grunna vêret)		4
10. august	Keipen - Førdedalen	Avlyst pga vêret	
17. august	Ålfotbreen	Avlyst pga vêret	
24. august	Gjegnen	Avlyst pga vêret	
31. august	Årebrot - Oladalen - Sjørgulen		3
7. sept.	Knekkevasshytta	16	29

Barnas Turlag:

Barnas Turlag i indre/Svelgen

Barnas Turlag indre har i år arrangert 5 turar. Oppmøtet har vore bra. Vi har eit gjennomsnitt på 17 born, 10 vaksne og 1 ungdom på kvar tur. Det er stort sett born frå 8 år og nedover som er med. På Kom Deg Ut - dagane klarer vi å få med litt eldre born.

Første turen vår gjekk til Moldahytta i april - her held Keipen Turlag åpa hytte. Vi hadde turquiz opp til Moldahytta og premiering etterpå. 3 born og 1 vaksen fekk kvar sin premie. I mai hadde vi ein kjempe flott tur til Huaren. Her har vi aldri vore tidlegare. Ein flott tur med barn. Kjekt å oppdage nye plassar. Turen er omtalt i Turboka.

I juni gjekk vi ein onsdag ettermiddag til Ivervann. Vêret var litt ustabil, så oppmøtet var ikkje det store, men vi som var der, hadde ei flott stund. Ungane bada sjølv om det var litt kaldt og surt. I september arrangerte vi Kom Deg Ut- dag til Knekkevasshytta. Keipen Turlag hadde her åpa hytte.

Mange tok turen og vêret var bra. Vi hadde denne gangen også turquiz som er fast på Kom Deg Ut - dagen. Alle deltakarane fekk kvar sitt sitjeunderlag frå Onecall - elles var det premiering til 3 born som hadde alt riktig på quizen. Ingen vaksne hadde alt riktig, så det var den med færrest feil som vart premiært.

I august hadde vi stand på Høgt og Lågt. Her hadde vi minibondegård, grilling av pinnebrød m/kanel og sukker og quiz. Minibondegården med sauer og kaniner var veldig populært.

31. oktober arrangerte vi lommelykttur. 5 vaksne og 7 born .

Vi er godt fornøgd med opplegget vårt. Vi har ingen datofesta turar, men arrangerer når det passer oss.

Barnas Turlag i ytre

I år har det vore eit år med litt lite aktivitet, ikkje fordi vi har planlagt det slik, men fordi dårlig vêr , travelt opptatte leiarar og mange andre arrangement har stoppa mange av turane våre. Vi har og to turar igjen som vi skal arrangere i haust, ein tur til Kvidalen (Lunden) og ein felles tur i området Kolset/Bortnen sponsa av Sparebanken Sogn og Fjordane. Desse to turane vil vi bruke som introdusering/opplæring av dei nye leiarane som skal starte opp BT Keipen i Davik Ålfoten - området.

Februar: Vi skulle ha arrangert felles Kom deg ut-dag på Karlsskaret, men sludd og liten storm gjorde at vi måtte avlyse.

April: Tur til Flona i Kalvåg. 6 ungar og 5 vaksne møtte og gikk Nordsjøløypa opp på Flona. Vi hadde quiz undervegs og ungane var som vanlig suverent best 😊

August: Tur til Fagredalen på Eikeset. 7 ungar og 7 vaksne gjekk i strålande sol og kom kalde og regnvåte heim att. Vi hadde quiz undervegs denne gongen og, og nista fekk vi ete inne på hytta til nokon av dei som var med.

Oktober: Turen til Kvidalen vart flytta til Førsmarka; 2 ungar og 2 vaksne.

Fjelltrimmen:

Svelgenområdet:

Post:	Tal besøk:	Post:	Tal besøk:
Risevatnet 3,5 km	3070	Ivervatn	835
Risevatnet - Vasskaret	696	Knekkevasshytta	541
Moldahytta	2475	Jakthytta Ytrehus	309
Martinbu/Sandsegga	1946	Gulebrystet	357
Omvendeskaret	450	Samla besøk:	10679

Ei fin auke frå fjoråret (8285 besøk)

Fjelltrim Ytre Bremanger (BIL): (16 postar)	
Fjelltrim Berle (grendalaget): (11 postar)	4415
Fjelltrim Kalvåg (IL Frøy): (8 postar)	7135
Fjelltrim Davik/Leirgulen/Ålfoten: Ikkje talt opp.	
Hornelen; (pr. 12. oktober)	1456
Turboktrimbøker: (5 postar). + 60?	606

Turboktrimmen: Turmåla for 2014 vart presenterte på årsmøtet på Davik; Storehovden, Oldeidsmannen, Hælkinna, Raudalssætrane, Kårnyken, Rognen, Marafjellet, Knoltren, Hjelmevassdammen og Bjørndalsvatnet. Sist vinter hadde vi lite snø og mange turgåarar i fjellet. Etter kvart fekk vi stor pågang om å starte turboktrimmen før 1. mai. Dette gjorde vi noko med og selde dei første klippekorta på Moldahytta 6. april. Salget var godt (151 kort) og vi fekk mange positive tilbakemeldingar på turmåla våre. I tillegg gjennomførte vi fellesturar til fleire av dei; Heilkinna, Marafjellet, Rognen og Kårnyken. Ikkje alle turane er merka og dette har nokre av turgåarane vore missnøgdde med.

Ved sesongavslutting 1. november har vi fått inn 62 ferdigklippte kort. Ei auke på 13 frå i fjor.

Turorientering: Rutene 2014 var: Nesbøstøylen - Nesbø, Geitestien, Rise - Molda og Dalsetevatnet Rundt. Det vart selt 55 kort. Vi har fått inn 34 kort vaksne og 3 kort barn under 8 år.

Hytter:




Martinbu; dagsturhytta til KT på Sandsegga Tilsyn: Martin Hennøy. Har fått montert solcelle og kjøpt ny vimpel.

Moldahytta; eigd av STIF og drifta av KT - 1 overnatting Tilsyn: Oddmund Leirvik. Har utbetra golv, skifta noko bordkledning og malt.

Knekkevasshytta; eigd av Svelgen Kraft AS og drifta av KT - 2 overnattingar Tilsyn: Steinar Isene

Kommunikasjon:

Heimeside DNT

Facebook; Keipen Turlag - 390 , Turboktrimmen - 306  og Barnas Turlag Keipen - 124 
Omtale i media: Svelgen.no, Bremanger Turistinformasjon, Nye Bremanger, lokalavisene; Firdaposten, FJT, Bremanger Budstikke, Firda og Sogn Avis, NRK S og Fj.

Turmagasinet, Fjordkysten (Fp) og Havsalt Sommar (FJT)